

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 06.12.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Jølstra
Møtenr.: 7/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Revisor i sak (042/12 og 043/12)

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

038/12 Godkjenning innkalling og sakliste
039/12 Skriv og Meldingar.
040/12 Opplæring – Handtering av elektronisk utsending av dokument.
041/12 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt – Førde.
042/12 Prosjektrekneskap – Rekneskap og sluttrapport prosjekt nr. 258/1021 Omsorgsbustadar ved Helsetunet
043/12 Prosjektrekneskap - Rekneskap og sluttrapport prosjekt nr. 382/1045 Sunde oppvekstsenter.
044/12 Oppfølgingsliste 7-2012 Førde.
045/12 Eventuelt.

Førde, 29.11.2012.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

038/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.12.2012	038/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

039/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 28.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.12.2012	039/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 25-12: Bystyresak 068/12 «Plan for forvaltningsrevisjon»
SM 26-12: Bystyresak 069/12 «Plan for selskapskontroll» 2012 – 2015.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
15.11.2012
22.11.2012

Saksnr
074/12
069/12

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad

Arkiv:
FE-216

Arkivsaknr.:
12/2867

Plan for selskapskontroll 2012 - 2015

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.10.2012	Plan for selskapskontroll - Førde kommune 2012 - 2015	85539

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har i møte 16.10.12, sak 35/12, handsama sak om «Plan for selskapskontroll – Førde kommune». Saka er oversendt for handsaming i formannskapet/bystyre.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Plan for selskapskontroll i Førde kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent

Handsaming i Formannskapet 15.11.2012:

Samrøystes tilråding

FORM-074/12 Vedtak:

Plan for selskapskontroll i Førde kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent

Handsaming i Bystyret 22.11.2012:

Samrøystes vedtak

BY-069/12 Vedtak:

Plan for selskapskontroll i Førde kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent

Førde, den 08.11.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Rådmann



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
15.11.2012
22.11.2012

Saksnr
075/12
068/12

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad

Arkiv:
FE-216

Arkivsaknr.:
12/2868

Plan forvaltningsrevisjon - Førde kommune 2012-2015

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.10.2012	Plan forvaltningsrevisjon - Førde kommune 2012 - 2015	85541

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har i møte 16.10.12, sak 034/12, handsama sak om «Plan forvaltningsrevisjon – Førde kommune 2012 – 2015.» Saka vert lagt fram for formannskapet/bystyre for handsaming.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

- Bystyre godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i
 - Korrekt handsaming av din sak
 - Vedlikehald av kommunal eigedom
 - Budsjettprosess/fordeling av ressursar
- Bystyre gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden

Handsaming i Formannskapet 15.11.2012:

Samrøystes tilråding

FORM-075/12 Vedtak:

- Bystyre godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i
 - Korrekt handsaming av din sak
 - Vedlikehald av kommunal eigedom
 - Budsjettprosess/fordeling av ressursar
- Bystyre gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre

prioritering i perioden

Handsaming i Bystyret 22.11.2012:

SPv /Ole Johnny Stubhaug gjorde framlegg om slikt tillegg til 1. kulepunkt:
«samt påpeike event sektorar som manglar system for å samordne innkjøp/andud.»

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg saman med forslag til tillegg til 1. kulepunkt vart samrøystes vedteke

BY-068/12 Vedtak:

- Bystyre godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i samt peike på event. sektorar som manglar system for samordna innkjøp/andud
 - Korrekt handsaming av din sak
 - Vedlikehald av kommunal eigedom
 - Budsjettprosess/fordeling av ressursar

Bystyre gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden

Førde, den 08.11.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Rådmann

040/12 OPPLÆRING – HANDTERING AV ELEKTRONISK UTSENDING AV DOKUMENT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 28.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.12.2012	40/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kontrollutvalssak 037/12

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Kontrollutvalet sitt vedtak

OPPLÆRING – HANDTERING AV ELEKTRONISK UTSENDING AV DOKUMENT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalget ynskjer er å gå over til elektronisk utsending av dokumenter

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 037/12 «Eventuelt» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalget ynskjer er å gå over til elektronisk utsending av dokumenter til utvalget.*

Kontrollutvalssekretariatet tok kontakt med rådmann for å finne korleis dette vart løyst i andre kommunale utval. Rådmann meinte at vi på kunne hente ut iPad frå fellessekretariatet på lik linje med andre utval i kommunen.

Sekretariatet inviterte så fellessekretariatet i Førde kommune for å gjennomføre opplæring i bruken av iPad'ane på neste møte i kontrollutvalet den 06.12.2012.

Opplæringa vil bestå av:

- Bruk av iPad.
- Bruk av programvare/app.
- Rutinar

IPad verte utdelt til medlemene i møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

041/12: FORVALTNINGSREVISJON - VAL AV PROSJEKT - FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 16.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.10.2012	041/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Dokument i saka

-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Dokumentet Overordna analyse Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012 - 2015 Førde kommune.
- Plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune 2012 – 2015.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet.....
- SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJON - VAL AV PROSJEKT - FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har ansvar for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon årleg. Kontrollutvalet skal velje nytt prosjekt.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kapittel 5 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

§ 11. Rapportar om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapportar om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlegare saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Kontrollutvalet skal sjå til at verksemda i kommunen årleg vert gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse som no er grunnlag for arbeidet med forvaltningsrevisjon. KRYSS-revisjon utarbeidde ein rapport der fleire alternative prosjekt er nemnde

Kontrollutvalet fekk presentert overordna analyse av KRYSS-revisjon i møte 14.09 2012 i sak 028/12 «Overordna analyse – Førde».

På grunnlag av denne rapporten og innspel frå administrasjonen utarbeidde kontrollutvalet i sak 034/12 ei tilråding til bystyret. Førde bystyre fatta 22.11.2012 vedtak i saka. Bystyret gjorde ei endring frå forslaget som kontrollutvalet hadde utarbeidd og 1 kulepunkt lyder no slik:

- 1. Innkjøpsavtalar og innkjøpsamarbeid som Førde kommune er delaktig i samt peike på eventuelt sektorar som manglar system for å samordne innkjøp/andbod.*

Dei ander prosjekta er i samsvar med tilrådinga frå kontrollutvalet og risikoområda er:

2. Korrekt handsaming av din sak.
3. Vedlikehald av kommunal eigedom.
4. Budsjettprosess/fordeling av ressursar.

Vidare inneber vedtaket i bystyret at kontrollutvalet har fått fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Oppgåva til kontrollutvalet blir no å velje kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein skal tinge. Dette bør avgrensast/spesifiserast så mykje som mogeleg, slik at det gjev sekretariatet høve til å utforme heilt spesifikk tinging til revisjonen.

Førde kommune har fått levert følgjande forvaltningsrevisjonsrapportar i førre valperiode:

- Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg, datert 04.12.2009.
- Sjølvkostberekningar VAR-sektoren, datert 27.05.2011.

Kontrollutvalet si oppgåve vert no å setje i gong arbeid med nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt med utgangspunkt i Plan for forvaltningsrevisjon.

I planen for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015 er det forslag at bystyret gjev kontrollutvalet høve til å endre prioritering av prosjekt og evt. velje andre prosjekt enn dei som står i planen.

Etter val av prosjekt vil SEKOM-sekretariat forme ei tinging som vert handsama i neste kontrollutvalsmøte.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekom-sekretariat meiner elers at innkjøpsfunksjonen er eit vesentleg område i Førde kommune, men vi har ikkje inngåande kjennskap til risikovurderingane på området.

**042/12 PROSJEKTRKESKAP – REKNESKAP OG SLUTTRAPPORT
PROSJEKT NR 258 – 1021 OMSORGSBUSTADAR VED HELSETUNET**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 28.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.12.2012	042/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Ja
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg:

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 28.11.2012.
- Utskrift av rekneskap datert 28.11.2012.
- Formannskapssak 081/12 «Prosjektrekneskap omsorgsbustadar Kyrkjevegen 17», datert 29.11.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova .
- Økonomireglement for Flora kommune.
- Oversendingsbrev – Oversending av revisjonsuttale og sluttrekneskap for prosjekt 258/1021 «Omsorgsbustadar ved helsetunet».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 28.11.2012.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL FORMANNSKAPET :

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP – REKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 258 – 1021 OMSORGSBUSTADAR VED HELSETUNET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr Prosjektrekneskap omsorgsbustadar Kyrkjevegen 17. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Sluttrapport og byggjerekneskap er oversendt revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 28.11.2012.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 57.761.356,-. Prosjektet er budsjettert med ei råme på kr. 57.350.000,-. Prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr. 411.356,-. Meirforbruket er dekkja inn med inntekter frå momskompensasjon med 402.759,- meir enn det budsjetterte. Prosjektet vil såleis mangle finansiering på kr. 8.597,-

Bystyret gjer endeleg vedtak om prosjektrekneskapen, også med omsyn til på kva måte prosjektet skal fullfinansierast.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket.

Førde bystyre
v/ ordføreren

Dykkar ref.: Sluttrapport/prosjektrekneskap prosjekt 1021 omsorgs- Bustader Helsetunet	Vår ref.: Khs	Arkivkode: 212H31&14	Journalnr.: 120/2012	Dokumentdato: 28.11.2012
---	------------------	-------------------------	-------------------------	-----------------------------

REVISJONSUTTALE – SLUTTREKNESKAP/ PROSJEKTRKESKAP FOR PROSJEKT 258/ 1021 OMSORGSBUSTADER VED HELSETUNET . Rapporteringsperiode 2007 – 2012.

Vi har gjennomført kontrollhandlingar mot ovannemnde sluttrekneskap/prosjektrekneskap. Vårt oppdrag er utført i samsvar med SBT 4400 - Avtala kontrollhandlingar. Handlingane er utført for å bistå kommunen i å vurdere riktigheita av rekneskapen. Sluttrekneskapen syner total kostnad på kr 57.761.356,- . Med vedteken budsjetttramme på kr 57.350.000,- utgjer dette meirforbruk på kr 411.356,- . Prosjektet er godskrive med inntekter frå momskompensasjon med kr 402.759,- meir enn det budsjetterte. Sluttrekneskapen for prosjekt 258/1021 er såleis tilnærma i balanse, og syner behov for ytterlegare finansiering med kr 8.597,-.

Vi oppsummerer vårt arbeid slik:

- ◆ Prosjektrekneskapen er avslutta i samsvar med Førde kommune sine vedtak om budsjett og finansiering i sak BY 089/06, 082/07 og 066/09 og FO 025/11.
- ◆ Prosjektrekneskapen er konsistent med Førde kommune sine årsrekneskap som den byggjer på.
- ◆ Samla kostnad på 57.761.356,- er inkludert kr 200.000,- som er satt av til fond for å dekke etterarbeid.

Det ligg til Førde bystyre å godkjenne prosjektrekneskapen og å gjere vedtak om finansiering av meirforbruket på kr 8.597,-.

Vi har ikkje ytterlegare kommentarer til rekneskapen, og vidare revisjonshandlingar mot denne vert innstilt frå vår side når Førde bystyre sitt vedtak i sluttrekneskap/prosjektrekneskapssaka er effektivert.

Sidan dei ovanstående kontrollhandlingane verken utgjer revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for tryggleik for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tillegghandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk. Vår rapport er utelukkande utarbeida for det formål som er beskrive i første avsnitt i denne rapporten og til dykkar informasjon, og skal ikkje nyttast til noko anna formål.

Førde, 28. november 2012

kopi: kontrollutvalet


Kari Håheim Sygna

Kommunerevisor I



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
06.12.2012
13.12.2012

Saksnr

Sakshandsamar:
Kurt Even Andersen

Arkiv:
FE-210, GBNR-

Arkivsaknr.:
12/3198

Prosjektrekneskap omsorgsbustader Kyrkjevegen 17

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
14.11.2012 12:11:47	Prosjektrekneskap Omsorgsbustader Kyrkjevegen 17.xlsx

Dok.ID
87701

Bakgrunn for saka:

Bystyret vedtok i sak 066/09 å bygge 27 omsorgsbustader i Kyrkjevegen 17 innafor ei kostnadsramme på kr. 54 250 000,-. Byggeprosjektet vart i årsbudsjett 2007 og 2008 løyvd kr 4 000 000, - til kjøp av tomt og til arbeid med forprosjektet.

Saksutgreiing:

Førde kommune nytta konsulent firmaet Stema rådgivning AS i forprosjektet, og eigen byggeleiar ved byggestart. I forprosjektperioden vart det vedteke å redusere fellesarealet for å få inn 2 fleire leiligheiter, dette for å utnytte arealet best mogleg, ein fekk då inn totalt 29 bustader.

Byggeoppdraget vart lyst ut på anbod hausten 2010, der Åsen og Øvrelid vann anbodskonkurransen. Byggestart vart satt til 01.01.2011, og ferdigstilling våren 2012.

Tilboda frå leverandør var lågare enn budsjettert, ein nytta då moglegheita til å nytte ei anna energiløysing som har gitt auka byggekostnader, men vil på sikt gi ein billegare driftskostnad. I tillegg vart budsjettet for totalkostnaden redusert med kr 925 000,- i sak 025/11 i formannskapet.

Tilskot frå Husbanken var ikkje budsjettert. Utrekna tilskot basert på ei kostnadsramme på 52,3 mill kr utgjer 15,7 mill kr. På grunn av tilskot og momskompensasjon vart det budsjetterte lånet redusert med 16, 5 mill. kr i formannskapet sak 025/11. Den totale lånefinansieringa vart budsjettert med kr 32 728 000,-

Etter avslutta rekneskap på prosjektet er det er sett av kr 200 000,- til etterarbeid. Totalkostnaden på forprosjektet og byggeprosjektet vart kr 57 761 356,- . Med

fråtrekk av tilskot og momskompensasjon vil prosjektet mangle finansiering på kr 8 597,-

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen for omsorgsbustader i Kyrkjevegen 17 - prosjektnummer 396/1021- vert godkjent,.
2. Manglande finansiering på kr 8 597,- vert finansiert med låneopptak.

Førde, den 29.11.2012



Ole John Østerstad
Rådmann


Kurt Even Andersen
Kommunalsjef
Tlf. 57722102

Sluttrekneskap Omsorgsbustader ved
Helsetunet. Kostnadsrammer, rekneskap og avvik, samt
finansiering.

Sluttrekneskap for:	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Omsorgsbustader ved Helsetunet 2010:			
Utgifter:			
Avsett til fond/dekke restkostnader		200 000	
Meirverdiavgift		11 221 102	
Innvesteringerutgifter	57 350 000	46 340 254	-411 356
Sum utgifter	57 350 000	57 761 356	-411 356
Finansiering:			
Lån	-32 728 000	-32 728 000	0
Statstilskot	-15 655 000	-15 655 000	0
MVA-komp	-8 967 000	-9 369 759	402 759
Sum finansiering	-57 350 000	-57 752 759	402 759
Manglande finansiering			-8 597

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2007	1 000 000
Årsbudsjett 2008 BY 082/07	3 000 000
Årsbudsjett 2010 BY 066/09/FORM 025-11	53 350 000
Sum	57 350 000

Førde 15.11.2012

 Terje Guddal

Leiar Rekneskap/Skatt

Førde 28.11.2012


 Kari Sygna

Kommunerevisor

KREISS REVISJON
 KOMMUNEREVISJONEN I
 YTRE SOGN OG SUNNFJORD

**043/12 PROSJEKTRKESKAP – REKNESKAP OG SLUTTRAPPORT
PROSJEKT NR 382/1045 SUNDE OPPVEKSTSENTER**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 28.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.12.2012	043/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Ja
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg:

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 28.11.2012.
- Utskrift av rekneskap datert 15.11.2012.
- Sluttrapport «Tilbygg Sunde oppvekstsenter»

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova .
- Økonomireglement for Flora kommune.
- Oversendingsbrev – Oversending av revisjonsuttale og sluttrekneskap for prosjekt 382/1045 «Sunde oppvekstsenter».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 28.11.2012.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL FORMANNSKAPET :

Saksutgreiing

PROSJEKTREKNEKAP – REKNEKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 382/1045 SUNDE OPPVEKSTSENTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 382/1045 «Sunde oppvekstsenter», Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Sluttrapport og byggjerekneskap er oversendt revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 28.11.2012.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 11.383.005,-. Prosjektet er budsjettert med ei råme på kr. 9.500.000,-. Prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr. 1.883.759,- Prosjektet er godskrive med inntekter frå momskompensasjon med 527.754,- meir enn det budsjetterte. Prosjektet vil såleis mangle finansiering på kr. 1.355.251,-

Bystyret gjer endeleg vedtak om prosjektrekneskapen, også med omsyn til på kva måte prosjektet skal fullfinansierast.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket.

Førde bystyre
v/ ordføreren

Dykkar ref.:
Sluttrapport/prosjektrekneskap
prosjekt 1045 Sunde
oppvekstsenter

Vår ref.:
Khs

Arkivkode:
212H31&14

Journalnr.:
119/2012

Dokumentdato:
28.11.2012

REVISJONSUTTALE – SLUTTREKNESKAP/ PROSJEKTRKESKAP FOR PROSJEKT 382// 1045, SUNDE OPPVEKSTSENTER. Rapporteringsperiode 2010 – 2012.

Vi har gjennomført kontrollhandlingar mot ovannemnde sluttrekneskap/prosjektrekneskap. Vårt oppdrag er utført i samsvar med SBT 4400 - Avtala kontrollhandlingar. Handlingane er utført for å bistå kommunen i å vurdere riktigheita av rekneskapen. Sluttrekneskapen syner total kostnad på kr 11.383.005,-. Med vedteken budsjetttramme på kr 9.500.000,- utgjør dette eit meirforbruk på kr 1.883.005,-. Prosjektet er godskrive med inntekter frå momskompensasjon med kr 527.754,- meir enn budsjettet. Sluttrekneskapen for prosjekt 385/1045 syner etter dette eit meirforbruk på kr 1.355.251,-.

Vi oppsummerer vårt arbeid slik:

- ◆ Prosjektrekneskapen er avslutta i samsvar med Førde kommune sine vedtak om budsjett og finansiering i sak BY 066/09 og FO 025/11.
- ◆ Prosjektrekneskapen er konsistent med Førde kommune sine årsrekneskap som den byggjer på.
- ◆ Samla kostnad på 11.383.005,- er inkludert kr 50.000,- som er avsatt til fond for utsmykking.



Det ligg til Førde bystyre å godkjenne prosjektrekneskapen og å gjere vedtak om finansiering av meirforbruket på kr 1.355.251,-.

Vi har ikkje ytterlegare kommentarer til rekneskapen, og vidare revisjonshandlingar mot denne vert innstilt frå vår side når Førde bystyre sitt vedtak i sluttrekneskap/prosjektrekneskapssaka er effektivt.

Sidan dei ovanstående kontrollhandlingane verken utgjør revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for tryggleik for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk. Vår rapport er utelukkande utarbeida for det formål som er beskrive i første avsnitt i denne rapporten og til dykkar informasjon, og skal ikkje nyttast til noko anna formål.

Førde, 28. november 2012

kopi: kontrollutvalet


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
06.12.2012
13.12.2012

Saksnr

Sakshandsamar:
Helge Sæterdal

Arkiv:
FE-614

Arkivsaknr.:
12/2832

Tilbygg Sunde skule

Vedlegg:

15.11..2012 Prosjektrekneskap – Sunde skule

Bakgrunn for saka:

Bystyret vedtok i sak 066/09 at utbygging av Sunde skule skulle starte opp våren 2010 med ei kostnadsramme på 7.5 mill

I samband med at anboda kom inn, vart summen auka til 10. mill i sak FO-025/11. Seinare vart 0.5 mill overført til bygging av ballbane i samband med at dette vart skilt ut som eige prosjekt, slik at restsumm for utbygging av Sunde skule var på 9.5 mill

Saksutgreiing:

Utbygginga av Sunde skule skulle dekke skulen sitt behov for nye klasserom i samband med at elevtalet auka og skulen vart fulldelt frå 2011. I tillegg skulle det gjerast naudsynt oppgradering i samband med samankoblinga til eksisterande bygningar.

I utbyggingsperioden synte det seg at arbeidet knytt til eksisterande bygningsmasse vart meir omfattande enn rekna med. I tillegg måtte eks. låssystem og brannvarslingssystem skiftast fordi det let seg ikkje gjer å kombinere nytt og gamalt. HMS krava førte også til at eksisterande personalavdeling måtte utvidast og oppgraderast. I tillegg kom også auka behov for nytt inventar som fylgje av auka elevtal. Arbeidet med uteområdet vart også litt meir omfattande enn rekna med.

For å få gjort desse naudsynte oppgraderingar, så vart samla kostnad på utbygginga på kr 11.383 005. Dette er inkl 50.000,- som er avsett til utsmykking. Det var opphavleg ikkje sett av midlar til utsmykking slik det skal i fylgje reglement i Førde. Grunnen til det var den pressa økonomiske situasjonen i Førde. Skulen har i prosessen likevel kome med innspel om at det vart sett av ein sum til å kunne kjøpe inn noko kunst. Desse midlane er ikkje brukte, men lagt inn i rekneskapen slik at det kan gjennomførast dersom bystyret ynskjer det.

Samla overskriding er etter dette 1.883.005. Av dette vert kr 867 754,- dekkast av moms.komp. Resten på kr. 1 355 251,- må dekkast med låneopptak.


Det er uheldig med ei slik overskriding, men valet var å avslutte prosjektet før det var ferdig eller å bruke desse midlane. Rådmannen har elles halde formannskapet orientert om at det kom overskridingar gjennom tertialrapportane og prosjektrapportane i utbyggingsperioden.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 15.11.2012, for utbygging av Sunde skule, prosjektnr 382/1045, vert godkjent
2. Meirforbruk på kr.1.355.251,- vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen får fullmakt til å avtale nærare vilkår for låneopptaket.

Førde, den 16.11.2012

Ole John Østenstad
Rådmann


Helge Sæterdal
Kommunalsjef
Tlf. 57722051

Sluttrekneskap Sunde oppvekstsenter 2010
Kostnadsrammer, rekneskap og avvik, samt finansiering.

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet: Sunde oppvekstsenter 2010	Budsjett	Rekneskap	Awik
Utgifter:			
Byggetenester	9 500 000	9 005 382	494 618
Meirverdiavgift		2 213 353	-2 213 353
Renteutgifter		114 270	-114 270
Avsatt til utsmykking	0	50 000	-50 000
Sum utgifter:	0	11 383 005	-1 883 005
Finansiering:			
Lån	-9 160 000	-9 160 000	0
MVA-kompensasjon	-340 000	-867 754	527 754
Sum inansiering	-9 500 000	-10 027 754	
Finansieringsbehov		1 355 251	

Oversikt over vedtak	Løyving
BY-066/09	7 500 000
FO-025/11	2 500 000
Overført Sunde fotballbane (452/1104)	-500 000
Sum	9 500 000

Førde 15.11.2012

Terje Guddal
 Terje Guddal

Leiar Rekneskap/Skatt

Helge Sæterdal

Helge Sæterdal Fredrik Frøyland
 Kommunalsjef Prosjektleiar

Kari J. Sygna
 Kari Sygna
 Kommunerevisor I

KRYSS REVISJON
 KOMMUNEREVISJONEN I
 TITRE SOGN OG SUNNFJORD

044/12 OPPFØLGINGSLISTE 7-2012 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 28.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Bystyret	06.12.2012	044/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 7-2012 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 7-2012 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 7-2012 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 28. november 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 7-2012 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå adminsitrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
040/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	06.12.11		19.10.11 E-post til revisor og rådmann. 06.12.11 Vedtak KU – Utset saka.
012/12 Revisjonsrapport - ”Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med fastsetting, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie – Førde kommune”	07.03.12		07.03.12: Vedtak i KU – 07.03.12: Sendt til bystyret. 12.06.12: Sendt puring
029/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013.	14.09.12		14.09.12 Vedtak i KU – Budsjett på kr 106 000,- vedteke. 14.09.12 Budsjett sendt til bystyret.
032/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	16.10.12		16.10.12 Vedtak i KU – Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.
033/12 Skriv og meldingar	16.10.12		16.10.12 Vedtak i KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
034/12 Plan for forvaltningsrevisjon – Førde kommune.	16.10.12		16.10.12 Tilråding frå kontrollutvalet til Bystyret – «Bystyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune for perioden 2012 – 2015.
035/12 Plan for selskapskontroll – Førde kommune	16.10.12		16.10.12 Kontrollutvalet si tilråding til Bystyret – Planen for selskapskontroll i Førde kommune for perioden 2012 2015 vert godkjent.
036/12 Oppfølgingsliste 6-2012 Førde	16.10.12		16.10.12 Vedtak i KU – Oppfølgingsliste 6-2012 Førde kommune vert teken til vitande.
037/12 Eventuelt	16.10.12		16.10.12 Vedtak i KU – Kontrollutvalet ønskjer å gå over til elektronisk utsending av dokumenter til utvalet
Oppdatert 28.11.2012			

045/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 28.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2012	045/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.